

Stonno e mi gomma so go`

Slåttestev etter Karl Kristoffer Lie (1895 – 1972) frå Fjell/Øygarden.

5

Ston - no e` mi gom - ma so go`, ston - no e` ho so og no so.

Ston - no får me nå - ke te` mat, ston - no får me al - dri da slag.

The image shows two staves of musical notation in 3/4 time, key of B-flat major. The first staff contains the first line of lyrics, and the second staff contains the second line. A small number '5' is written above the second staff. The notes are simple quarter and eighth notes.

Stonno e` mi gomma so go` ,
stonno e` ho so og no so.
Stonno får me nåke te` mat,
stonno får me aldri da slag.

Stonno e` = stundom er.

Gomma = bestemor.

So go` = så god.

Nåke = noko.

Får me aldri da slag = får me ikkje noko.

Karl Kristoffer Lie (1895-1972)

vart fødd og vaks opp på Fjell gard på Sotra. Han var av musikalsk slekt. I sin ungdom gjekk på han på Kunsthandverkskulen på Dagestad på Voss. Der fekk han interesse for folkemusikk og byrja å spele hardingfele. Sidan vart han aktiv medlem av «Fjellbekken» spelemannslag i Bergen og var med på mange kappleikar både som deltakar og dommar. Karl var bonde og postopnar og var gift med Marta Ågotnes (1904-1964) (Horvei, 1998). Det finst gode opptak i Arne Bjørndal Samling av Karl Kristoffer Lie der han syng alt frå religiøse folketonar til stev og barnesongar.

«**Stonno e` mi gomma so go`**» er slåttestevet til springaren «Nordfjorden». Slåtten vert spelt over heile landet, og er også kjent som mellom anna «Valdreskvelven».

Ein nyttar ordet «slått» om ein song som vert spela på mellom anna fele. Slåttestev er korte tekststrofer til heile eller delar av ein slik slått. På Vestlandet har det vore ein rik tradisjon med å spele på hardingfele, og slåttesteva kunne fungere som hugselappar for spelemannen. Stundom song spelemannen slåttestevet før han spelte slåtten, eller midt inni. Slåttesteva har som regel to til fire linjer, men kan også vera lengre. Dei handlar gjerne om spelemenn, dansarar eller soger som kan knytast til slåtten. Slåttesteva vert også sunge utan at ein speler fele, og ofte trallar ein då resten av slåtten som det ikkje er tekst til. Mange gongar har det vorte tralla til dans når ein ikkje har spelemann.